

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **23.03.2018, kl. 09:30-16:20**
Møtestad: Psykiatrisk klinikk, avdeling Tronvik

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Tor Vidar Myklebust	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Hans Jacob Westbye	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Mariann Hundsnes	Varamedlem tilsette
Audun Nedrebø	Observatør

Forfall

Aud Ingrid Espeland	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Randi Aven	Medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerende direktør
Børge Tvedt, kst. viseadm. direktør/ direktør Psykisk helsevern
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Trine Vingsnes, direktør Kirurgisk klinikk
Arne Skjelten, kst. direktør Stab/støtte HR-direktør
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør
Kristine Longfellow, fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Stig Igland, samhandlingssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Elin Lysne, seksjonsleiar
Tore Andre Dvergsdal, rekneskapssjef
Rune Iversen, revisor BDO
Torstein Solset, avdelingssjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør

Sakliste

014/2018	Godkjenning av innkalling og dagsorden
015/2018	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 01.03.2018
016/2018	Administrerande direktør si orientering
017/2018	Rapportering frå verksemda per februar 2018
018/2018	Årsmelding med årsrekneskap og notar for 2017 – Helse Førde HF
019/2018	Styringsdokument 2018 for Helse Førde HF
020/2018	Risikostyring – styringsmål 2018 for Helse Førde HF
021/2018	Risiko knytt til matforsyning – internrevisjon Helse Vest RHF
022/2018	Plan for prehospitale tenester - høyringsdokument
023/2018	Nye Førde sjukehus - status
024/2018	Nye Førde sjukehus – prinsipp for entreprise nybygg Psykisk helsevern
025/2018	Endra føresetnader investeringsbudsjett 2018
Saker til orientering:	
026/2018	Revisjon av utviklingsplan – Helse Førde HF 2035
027/2018	Eventuelt
	Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Psykiatrisk klinikk, avdeling Tronvik.

STYREMØTE STARTA MED ORIENTERING OG OMVISNING PÅ TRONVIK

Seksjonsleiar Elin Lysne orienterte om Tronvik og Rus døgn:

- Opna som tverrfagleg spesialisert rusebehandling (TSB) 2010
- Sju senger for avrusing/stabilisering er plassert i 2. etasje. Sju senger for seinstabilisering/rehabilitering i 1. etasje, samt brukarstyrt seng i 1. etasje. Totalt 15 senger.
- Regiondekkande tilbod. 45,5 % frå andre føretak i eigen region i 2017, hovudsakleg Helse Bergen
- Tydeleg skilnad på pasientar/nettverk frå dei ulike føretaka
- Tidvis vanskeleg å ha fullt belegg grunna nedsett evne til å møte
- Brukaramedverknad viktig og godt innarbeidd. Idesmia snart seks år
- Tomt areal kunne vore nytta. Fleire aktuelle bruksområde

Styret kommenterte på andel av aktiviteten som inngår i bestillinga frå Helse Vest. I den pågåande anbudsrunnen bør vi gå i dialog med eigar om å ev å ta i bruk ledig areal og auke kapasiteten på Tronvik.

Direktør Tvedt fortalde kort om prosessen om rustilbodet som no pågår i Helse Vest.

014/2018 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden. Sak 14, 15 og 16 vart handsama først, deretter sak 18.

Styremedlemmer Aud Ingrid Espeland, Ivar Eriksen og Randi Aven hadde meldt forfall. Mariann Hundsnes var innkalla som varamedlem for Randi Aven.

Nye dokument til «Skriv og meldingar» lagt på bordet var:

- Brev frå Eid, Selje, Vågsøy og Stryn vedr. ambulansetenesta
- Brev med vedlegg frå LPP Sogn og Fjordane vedr. behandlingstilbod til pasientar med psykoselidingar i Helse Førde, datert 22.03.2018
- RHF styresak 040/18 Fullmakter i utbyggingsprosjekt
- Rapport frå Helsetilsynet – Tilsynsmelding 2017
- Oppsummering og presentasjon frå styreseminar/strategiseminar 2. mars
- Utkast – internt arbeidsdokument/ skall til revidert utviklingsplan for Helse Førde HF 2035

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

015/2018 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 01.03.2018

Retting saksnummer: side 2 er 008/2018, og side 6 er 012/2018

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 01.03.2018, med ovannemnde retting.

016/2018 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden orienterte om:

1. Rapportering tilsynssaker

Vi jobbar med avvika frå Fylkesmannen og Arbeidstilsynet og har som mål å lukke desse innan fristane.

2. Organisasjonskart og leing i Helse Førde

Helse Førde i nøkkeltall:

Kring 2500 årsverk. Budsjett 2018 er på 2,8 milliardar. Aktivitet somatikk og psykiatri, med lokalisering i heile Sogn og Fjordane.

Somatikk: 16 962 sjukehusopphald, 11 965 dagkirurgi/dagbehandlingar og 123 491 polikliniske konsultasjonar

Psykisk helsevern: 25 675 liggedøgn og 45 119 polikliniske konsultasjonar

Klinikkorganisering i Helse Førde er i dag organisert med:

- Stab og støtte
- Kirurgisk klinikk
- Medisinsk klinikk
- Psykisk helsevern

Stab og støtte er no under vurdering for endra organisering. Det er to løysingar: enten lyse ut eller fjerne direktørstillinga. Vedk. som tidlegare hadde stillinga var også viseadm. direktør. Kostnadsreduksjonar må gjennomførast også i stabsområdet. Å fjerne stillinga vil gi ei økonomisk innsparing på ca 1,5 millionar i året. Ad sitt forslag er at dei som no rapporterer til Stab og støtte rapporterer direkte til adm. direktør. Funksjonen som viseadm. direktør er føreslått fjerna.

Utkast til nytt organisasjonskart for Helse Førde og tentativ prosess vart presentert. AD har planlagt drøfting med dei tillitsvalde ca. 25. april.

3. Oppfølging av sak om lærlingar

- Kartlagt status lærlingar i Helse Førde (eksterne, egne)
- Formalisert avtale om praksisplass for eksterne lærlingar
- Kartlagt status for heile personalgruppa av helsefagarbeidarar i Helse Førde
- Sett på historikken og orientert oss om årsak til status
- Har kontakta die andre føretak i Helse Vest for å hente erfaringar og lærdom
- Har gjennomgått rapportane «Samfunnskontrakt for flere læreplasser 2016-2020» og «Doblet antallet helsefaglæringer» frå Helse Nord
- Ei arbeidsgruppe er no sett saman av utviklingsdirektør, fagdirektør, HR-direktør og seksjonsleiar for kompetanse og utdanning

Styret kommenterte at dette er ei sak som styret har tek opp før og etterspurde frist for arbeidet. Det er eit viktig signal at også den største bedrifta i fylket er aktiv og i front om lærlingar.

Administrasjonen stadfesta at Helse Førde allereie er ei lærlingbedrift. Vi har i dag lærlingar innan ambulanse og kokk, og vi er den største bedrifta med praksisplassar i fylket.

Fagdirektør Longfellow orienterte om:

4. Status i høve hendelsesanalyse ved medisinsk avdeling

I hendingsanalysen er det funne at personalet ikkje har gjort feil, men det er påvist område der vi kan gjere forbetringar. Det har vore gjennomført ei god debriefing med pårørande og tilsette. Politiet vurderer om det vert ei føretaksbot. Saka vert endeleg handsama av Fylkesmannen.

Styret stilte spørsmål om føretaket har retningslinjer for å ivareta dei tilsette ved hendingar der politiet kjem inn. HR-direktør Skjelten svara at det føreligg retningslinjer for dette.

Direktør Tvedt orienterte om:

5. Psykosetilbodet i Helse Førde

Grunnlag for byggskisse er:

- Utviklingsplan Psykisk helsevern 2015
- Notat om kombinert akutt/sikkerheitspost 2016
- Funksjonsprogram PSK og Førde BUP mai/juni 2017
- Rapport frå arbeidsgruppe DPS døgn, november 2017
- Deltaking frå tilsette, verneteneste, tillitsvalde og brukarrepresentantar, personalmøte, avdelingsråd, klinikkråd
- Vedtak på strategisk nivå i Helse Førde

Nytt bygg PHV Førde skal omfatte Førde BUP og Psykiatrisk klinikk. Hovudmål er å kunne gi eit betre tilbod enn det vi har i dag. Akutt døgn får mykje større mogelegheit til å skjerme ulike pasientgrupper frå kvarandre. Psykosepasientar får ein eigen del av bygget på DPS døgn.

Styret kommenterte at dette er ei sak som skapar stort engasjement frå ulike instansar. Organisering av tenesta og arkitektur må henge nøye saman. Det vart vist til innspela i brev frå LPP, med vedlagde rapport og to brev.

Direktør Tvedt svara at prosjektgruppa arbeider no med teikningar og løysingar. Avgjerd er ikkje tatt. Vi som er eit mindre føretak må ofte organisere oss annleis enn større einingar pga mindre pasientpopulasjon. Vi må difor meir tenke på fleksibilitet og driftsløysingar.

6. Tilbakemelding frå møte med formannskapet i Stryn vedr. ambulansetenesta

Orientering i samband med sak 022/2018

Fagdirektør Longfellow orienterte om:

7. Smitteutbrot ved Førde sentralsjukehus

Smitteutbrotet gjeld influensa og norovirus. Det vart innkalla til hastemøte 22. mars, og det er sett gul beredskap. Smitteutbrotet omfattar dei fem avdelingane: Ortopedi, føde/barsel, intensiv, kirurgisk og medisin.

Styret stilte spørsmål om alvorlegheitgraden av denne sjukdommen ved desse avdelingane.

Administrasjonen svara at det har vore ei utfordring å ha nok personale pga at desse også har vore smitta.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

017/2018 Rapportering frå verksemda per februar 2018

Oppsummering:

Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med orientering om:

- Ventetid: Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 44 dagar i februar mot 42 førre år.
- Tentative timar: Ved utgangen av februar var det 12 673 komande episodar med tentativ time.
- Aktivitet: For polikliniske konsultasjonar har det vore auke i døgn- og dagbehandlingar, men ein nedgang på 866 polikliniske konsultasjonar i høve planen
- Rekneskapsresultat etter februar var overskot på
- Rekneskapsresultat etter februar var overskot på 8,4 millionar kroner, 3,7 mill. høgare enn budsjett.
- Avvik fag og HMS: Ingen av klinikkane melder om vesentlege avvik på det faglege nivået i tilbodet eller i arbeidsmiljøet som følgje av gjennomføring av tiltaka i budsjettet.

Fagdirektør Longfellow orienterte om: Kvalitet – relatert til styringsdokument for 2018

Oppdragsdokument 2018, som omtalar «Venting og variasjon»

Kvalitetsindikatorar 2017 - lenke

28 pakkeforløp kreft

Pakkeforløp hjerneslag

Pakkeforløp psykiatri og rus

Vi har i dag 3 pakkeforløp som ikkje er i tråd med retningslinjene: Brystkreft, lungekreft og prostatakreft

Styret kommenterte pakkeforløpa innan Psykisk helsevern, der 3 av 10 er i gang.

Administrasjonen svara at nye pakkeforløp PHV er ute på høyring.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Resultat etter den første stenginga er eit overskot på 6,2 millionar i perioden når vi korrigerer for lågare pensjonskostnad. Budsjettavviket er positivt med 3,9 millionar kroner. Inntekter frå aktivitet var 6,0 mill. betre enn budsjett i februar. Inntekter frå H-reseptar står for det største positive avviket med 4,2 mill. Varekostnadene var i februar lågare enn budsjett. Lågare andre driftskostnader skuldast i stor grad lågare kostnader til pasienttransport.

Sjukefråværet var 7,0 prosent i januar. Brutto månadsverk var 2209 og netto månadsverk var 2076 i februar.

Styret kommenterte at det er gode tall for februar, men bekymring for sprekk i lønn. Sjukefråvær må følgjast opp. Det er viktig at klinikkdirektørane følgjer opp tiltaka og får den støtte dei treng.

Administrasjonen svara at ein jobbar med lista for tiltak i klinikkane, med fast gjennomgang av tiltaka kvar 4. veke i økonomiforum og i klinikkane. Klinikkane har fått melding om at avdelingane må kome opp med alternative tiltak, dersom vedtekne tiltak ikkje lar seg gjennomføre.

Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå verksemda per februar 2018 vert teken til vitande.

018/2018 Årsmelding med årsrekneskap og notar for 2017 – Helse Førde HF

Oppsummering:

Helseføretaka er pliktige til å følgje rekneskapslova etter lov om spesialisthelseteneste. I følgje paragraf 3-1 i rekneskapslova skal rekneskapspliktige for kvart år utarbeide årsrekneskap og årsmelding. I samsvar med same lov skal årsmeldinga og årsrekneskapen underskrivast av alle styremedlemmer og dagleg leiar. Rekneskapet omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsanalyse og notar.

Rekneskapsresultatet for 2017 blei eit overskot på 26 459 301 kroner.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om årsmelding, årsrekneskap og notar for 2017.

- Aktivitet somatikk og psykiatri
- Kostnader gjestepasientar andre regionar og eigen region
- Varekostnader, pasienttransport, lønskostnader og kontantstraumar

Styret hadde helsing til heile organisasjonen om eit gledeleg resultat for 2017.

Retting til Note 6, side 11, med oversikt godtgjering til styremedlemmer: Rett tenesteperiode for Reidar Sandal skal vere frå oktober til desember.

Styret kommenterte Den gyldne regel. Forskingsaktiviteten viser at søknader ikkje når opp i Helse Vest kontra at ein har nådd opp med søknad til Forskingsrådet.

Det vart stilt spørsmål om kvifor nemninga «tilsettere representant» var nytta i dokumenta som styremedlemmer skulle signere.

Adm. direktør Varden stadfesta at ein skal sjå på oppsett i malen for tittel på styremedlemmer til neste år.

Revisor Rune Iversen frå BDO oppsummerte revisjonen for Helse Førde HF 2017.

Det var avtalt eit møte mellom styret og revisor aleine etter den offentlege gjennomgang av saka.

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjenner Helse Førde HF si årsmelding med årsrekneskap og notar for 2017.

019/2018 Styringsdokument 2018 for Helse Førde HF

Oppsummering:

Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgjande overordna styringsmål:

1	Redusere unødig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
---	---

2	Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3	Betre kvalitet og pasienttryggleik

Styringsdokument 2018 for Helse Førde HF vart vedteke i føretaksmøte i Helse Førde HF 8. mars 2018. Styringsdokumentet vert deretter framlagt som sak til styret i Helse Førde HF 23. mars 2018.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Styringsdokument 2018 for Helse Førde HF» til etterretning.

020/2018 Risikostyring - styringsmål for Helse Førde HF

Oppsummering:

I tråd med regionale retningslinjer har styret i Helse Vest RHF vedteke fire styringsmål. Adm. direktør har i tillegg fremja to nye styringsmål.

1	Taler på skadar som kan unngåast i heletenesta i Helse Vest er halvert innan 2018
2	Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest er redusert i 2018 (samanlikna med 2017). Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest innan somatikk er redusert til 50 dagar innan fire år (2021)
3	HMS er ein sjølvsgagt del av arbeidsdagen
4	Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn innan somatikk
5	Helse Førde utviklar verksemda med god kvalitet, brukarmedverknad og heilskaplege pasientforløp
6	Helse Førde får eit økonomisk resultat som gjer føretaket i stand til å investere i nytt utstyr og bygg, og utvikle kompetansen

Adm. direktør Varden orienterte om dei lokale styringsmåla for Helse Førde.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret er orientert om dei fire regionale styringsmåla gjeldande for helseføretaka i Helse Vest.
2. Styret sluttar seg til dei lokale styringsmåla med delmål for Helse Førde HF 2018.

021/2018 Risiko knytt til matforsyning – internrevisjon Helse Vest RHF

Oppsummering:

Føremålet med internrevisjonen har vore å undersøkje kva system føretaka i Helse Vest har for å sikre matforsyninga, og om dette er tatt med i føretaka sine beredskapsplanar. Det er i tillegg undersøkt om det er utført risikoanalysar av matforsyninga i helseføretaka. Rapport frå revisjonsarbeidet vart først sendt på høyring til føretaka, og deretter som endeleg rapport.

Revisjonsrapporten vurderer det slik at Helse Førde har kome eit godt stykke når det gjeld beredskapsarbeid for matforsyning i Helse Førde, men at beredskapsarbeidet i større grad må forankrast hos dei tilsette. Det bør i tillegg utførast ROS-analyser. Rapporten vert lagt fram for styret i Helse Førde, saman med handlingsplan for oppfølging av tilrådingane.

Adm. direktør Varden og avdelingssjef Solset orienterte om internrevisjonen. Utfordringa i Helse Førde går på beredskap og internkontroll mat. I tillegg vert det på regionalt nivå jobba med trygg matservering. Adm. direktør fortalde at oppfølging av rapporten vert tema i føretaksleinga.

Styret stilte spørsmål om risiko ved kjøkken i Førde sentralsjukehus, iht beredskap ved flaum. Avdelingssjef Solset og prosjektdirektør Solhaug fortalde at dette no og vert vurdert i samband med Nye Førde sjukehus.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde HF tek rapporten «Risiko knytt til matforsyning» frå Helse Vest RHF, januar 2018, til etterretning.
2. Styret i Helse Førde HF ber administrerande direktør følgje opp dei tilrådingane som kjem fram av revisjonsrapporten og sender handlingsplanen til internrevisjonen i Helse Vest RHF.
3. Styret i Helse Førde HF ber administrerande direktør rapportere status på gjennomføring av handlingsplanen til styret i Helse Førde HF og internrevisjonen i Helse Vest RHF.

022/2018 Plan for prehospitala tenester - høyringsdokument

Oppsummering:

Omgrepet prehospital betyr «før sjukehus» og handlar om bilambulanse, båtambulanse, AMK-sentral, legevakt og luftambulanse/redningshelikopter.

Prosjekt «Prehospitala tenester» skal lage og implementere ein overordna plan for heile det prehospitala området til Helse Førde. Mandatet seier to ting om føremålet:

- 1) Sikre innbyggjarane gode tenester
- 2) Leggje til rette for godt samarbeid mellom helseføretaket og kommunane

Prosjekt prehospitala tenester i Helse Førde er delt inn i tre fasar

Fase 1 (haust 2017)	Etablere prosjekt, forankring internt og eksternt. Avklare prisnipp, premissar og rammeverk. Forankring/høyring
Fase 2 (vår 2018)	Detaljering av modellar
Fase 3 (haust 2018-2021)	Implementering av vald modell

Fase 1 er gjennomført, og det er utarbeidd eitt utkast til sluttrapport som skal sendast på høyring etter handsaming i styret. Rapporten skal opp att i styret i mai/juni for endeleg godkjenning. Ein eventuell legevaktspilot i Sogn og Fjordane vil innverke på organiseringa av fase 2 i prosjektet.

Direktør Vingsnes orienterte om høyringsdokument til plan for prehospitale tenester fase 1:

- Eit omfattande dokument på 172 sider + 9 vedlegg
- Kapittel 12 omhandlar Økonomiske realitetar og prioritering
- Kapittel 13 omhandlar Samla vurdering av status for dei prehospitale tenestene

Prosjektet sine forslag til vidare arbeid i fase 2:

- Nye moglegheiter i høve bemanning
- Framtidig behov for, og struktur, for ambulansetenester
- Inkluderer området «båtambulanse nord» tilsvarande prosessen i sør 2016/2017
- Faglegheit og utvikling, organisering
- Felles styringsdata HFD og kommunane?
- Akutthjelparordninga
- Meir differensierte løysingar for transportoppdrag?
- Nye arbeidsmåtar og samhandling

Endra legevakt i Sogn og Fjordane? Helsevaktspilot:

Helsedirektoratet har lyst ut ein 3-årig pilot på ny modell for korleis det akuttmedisinske tilbodet i kommunane kan organiserast. Kommunane i fylket arbeider med ein mogeleg søknad.

Høyring:

Alle partar får seie sitt om både faktagrunnlag og vurderingane til prosjektgruppa.

Håpe på eller spesifikt be om synspunkt på komande prioriteringar?

- Prehospitale tenester vs. sjukehusstilbod
- Prioriteringar innan ambulansetenesta
- Forståing for at kompetanse, mengdetrening og rekrutterande vaktordningar vektleggast av prosjektgruppa eller ikkje

Det vart orientert frå møte med formannskapet i Stryn 13. mars, også henvist til dokumenta frå kommunane Stryn, Selje, Vågsøy og Eid.

Styret kommenterte følgjande:

- 1) *Det bør lagast eit samandrag av høyringsutkastet*
- 2) *Kapittel 12 Økonomi: Omarbeidast, jf. innspel framkome i møtet*
- 3) *Ramma: Styret forhold seg til ramma frå RHF. Informasjon om budsjetttramme, samt at ein bør synleggjere kostnader*
- 4) *Lage høyringsbrev, jf. innspel*
- 5) *Utfordre høyringsinstansane på sentrale spørsmål*

Innan 15. april: Dokumentet vert redigert og det vert lage eit samandrag i dokumentet. Særskild oversendingsbrev vert samordna med styreleiar.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner rapport for fase 1 i prosjekt prehospitale tenester med dei merknader som har kome fram i møtet.
2. Styret ber administrerande direktør sende rapporten ut på høyring til kommunar, legevakter og andre interessentar.
3. Rapporten skal leggjast fram for styret til endeleg godkjenning i mai/juni 2018.

Oppsummering:

Prosjektet har no nokre hovudutfordringar:

1. Ny informasjon knytt til flaumvurdering, uavklara om nybygg må hevast
2. Kostnadsestimat syner at omfanget som no ligg inne i prosjektet er ca. 200 millionar over vårt styringsmål for prosjektet

Planane fram til no har lagt til grunn at nedste golvnivå i nybygg skulle hevast 60 cm over eksisterande plan 0 i sjukehuset. Dette vil gi nivåforskjell mellom nybygg og eksisterande også på plan 1.

Kostnadsestimat syner at prosjektet må reduserast med 200 millionar. Delar av dette avviket vil bli dekkja av at styringsmål blir justert opp frå 2015 kroner til 2018 kroner. Det blir arbeidd aktivt i prosjektet for å redusere nybyggarealet og ta ned ombyggingsgraden i eksisterande bygg.

Prosjekt Nye Førde sjukehus har eit styringsmål på 1,45 milliardar i 2015 kroner. Dette styringsmålet vil bli justert til 2018 kroner i samband med ferdigstilling av forprosjektet.

Adm. direktør Varden innleia om organisering av arbeidet med Nye Førde sjukehus:

- *Robust organisering: Vi har nøkkelpersonar som utfyller kvarandre og har lang erfaring. Vi har rådgjevingskontrakt med Norconsult.*
- *Vi vil etter påske vurdere i føretaksleiinga om det er tiltak vi kan sette inn for å framstå enda meir robust i høve organisering av prosjektleiinga*

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om Nye Førde sjukehus:

- Beslutningspunkt frå 2015
- Prinsipielle hovudutval som er gjort
- Fullmakter for gjennomføring av utbyggingsprosjekt, vedteke i styremøte Helse Vest RHF 28.02.2018
- Status nye Førde sjukehus, som har to hovudutfordringar (sjå innleiing)

Innstilling til vegen vidare:

- Søkje løysingar som ikkje gjev restrisiko i prosjektet
- Prøve å finne løysingar der vi unngår å byggje bruksareal på plan 0 i nybygg somatikk
- Heve nybygg for psykisk helsevern til sikkert nivå
- Etablere betre flaumsikring for eksisterande bygningar ved sjukehuset i Førde

Styret takka for god gjennomgang og samanfatning av byggesaka. Styret stilte spørsmål om det vart gjennomført ros-analyser for dei største endringane i prosjektet.

Styret ønskjer at ein brukar 2-3 timar på saka i eit eige styreseminar i samband med styremøte den 22. mai.

Prosjektdirektør Solhaug svara at det vere tenleg å gjennomføre ein ros-analyse i sluttprioriteringar, i forkant av mai-møtet.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til orientering.

024/2018

Nye Førde sjukehus – prinsipp for entreprise nybygg Psykisk helsevern

Oppsummering:

Nye Førde sjukehus er i forprosjektfasen, og er planlagt ferdigstilt med investeringsavgjerd B4 som styresak i oktober 2018. Forprosjektrapport som blir lagt fram ved B4, vil innehalde strategi og planar for anskaffing og gjennomføring av prosjektet med ein heilskap for alle byggetrinn og delprosjekt.

Førde BUP er i dag i leigde lokale med avtale som utgår i desember 2020. Det er i forprosjektet no etablert ein gjennomføringsstrategi som kan gjere det mogeleg å nå ferdigstilling av nybygg for psykisk helsevern innan utgangen av leigeavtalen.

Nybygg psykisk helsevern bør vere det første delprosjektet som blir starta opp med detaljering og bygging i prosjekt Nye Førde sjukehus.

Arbeidet med å hente inn tilbod kan starte opp i samsvar med den gjennomføringsstrategi som er etablert, men styret skal godkjenne heile prosjektomfanget i Nye Førde sjukehus. Dette inkluderer delprosjekt nybygg psykisk helsevern som samla prosjekt ved investeringsavgjerd B4.

Anskaffing av entreprenør blir gjort med sikte på å gjennomføre delprosjekt nybygg for psykisk helsevern som ein totalentreprise. Totalentreprenør blir i første fase med som rådgjevar for å optimalisere prosjektet, før vi løyser inn eventuell opsjon om bygging.

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om regelverk med fullmakter for gjennomføring av utbyggingsprosjekt.

Vedtak (samrøystes):

1. Prosess for anskaffing av delprosjekt nybygg psykisk helsevern vert starta opp i samsvar med den gjennomføringsstrategi som er etablert.
2. Styret skal godkjenne heile prosjektomfanget i Nye Førde sjukehus, inkludert delprosjekt nybygg psykisk helsevern, som samla prosjekt ved investeringsvedtak B4.

025/2018

Endra føresetnader investeringsbudsjett 2018

Oppsummering:

Føresetnadene for investeringsbudsjettet 2018 har endra seg etter styret sitt vedtak i desember 2017. I budsjettet vart det lagt til grunn eit underskot for 2017 på 12,5 millionar kroner, medan sluttresultatet vart positivt med 26,5 millionar kroner. Dermed aukar likviditeten (finansieringsevna) overført frå førre år med 37,7 mill. kroner. Ettersom Helse Førde har hatt denne utviklinga er det administrerande direktør si vurdering av det førebels ikkje er behov for å be Helse Vest RHF om lån jf. punkt 2 i styret sitt vedtak i sak 095/2017 Investeringsbudsjett 2018.

Adm. direktør Varden orienterte om endra føresetnader for investeringsbudsjett, som vil kunne bety auka midlar til medisinsk teknisk utstyr i løpet av 2018. Til neste styremøte vil adm. direktør syne liste over innrapportert behov for medisinsk teknisk utstyr.

Styret kommenterte at auka midlar til medisinsk teknisk utstyr vil vere eit bra signal til organisasjonen.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek sak om endra føresetnader investeringsbudsjett 2018 til orientering.
2. Administrerande direktør får fullmakt til å disponere differansen mellom budsjettet og faktisk investering i Bygg aust – om lag 10 millionar kroner til medisinsk-teknisk utstyr og bygningsteknisk infrastruktur.
3. Eit revidert investeringsbudsjett for 2018 skal leggjast fram i samband med handsaminga av langtidsbudsjett 2019-2023.

Saker til orientering:

026/2018 Revisjon av utviklingsplan – Helse Førde HF

Oppsummering:

Helse Førde skal revidere gjeldande utviklingsplan for verksemda (vedteken 2015). Det er utarbeidd eit første grovutkast, som med dette blir lagt fram for styret. Det er ønskeleg å få styret sine merknader på dei store linjene og om det er vesentlege manglar, før endeleg høyringsutkast blir utarbeidd.

Det er planlagt høyring frå 09. april – 04. mai 2018. Planen skal vere ferdig og sendast Helse Vest 30. juni 2018. Styret får revidert framlegg til handsaming i mai etter at høyringa er avslutta, og til endeleg godkjenning 22. juni, før oversending til Helse Vest RHF.

Utviklingsdirktør Kleiven orienterte om revisjon av utviklingsplanen.

- Kva er ein utviklingsplan?
- Utviklingsplan 2015 – pågåande utviklingsarbeid
 - Nye Førde sjukehus
 - Prehospital plan
- Staus i utviklingsarbeidet og med denne revisjonen
- Helse Førde bygger vidare på den organisasjonen vi har. Vi skal satse enda meir på viktige område

Planprosess vidare:

23. mars	Orientering om høyringsutkast
04. april	Endeleg framlegg til høyringsutkast blir utsendt via e-post. Endringar frå utlevert utkast vert merka serskild
09. april	Ekstra telefon-styremøte

Styret kommenterte på arbeidsdokumentet.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek arbeidsdokument for utviklingsplan 2018-2035 til orientering.
2. Styret handsamar endeleg høyringsutkast i ekstra telefonstyremøte den 09.04.2018, kl. 15:00-16:00.

027/2018 EventueltSkriv og meldingar:

Styret stilte spørsmål om å få tilsendt nye dokument til «Skriv og meldingar» tidlegare.

Adm. direktør Varden ser på rutineane i samarbeid med styresekretær og avdelingssjef føretakssekretariat.

Neste styremøte vert 27. april, iht planen.

Skriv og meldingar**Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Samhandlingsnytt, februar 2018
- Brev frå Felles brukarutval i Sogn og Fjordane vedr. tilbod til psykosepasientar ved Nye Førde sjukehus, datert 14.03.2018
- RHF styresak 032/18 Plan for revmatologi i Helse Vest
- RHF styresak 036/18 Tal tilvisingar og avvising av pasientar innan BUP
- RHF styresak 037/18 Orientering om Riksrevisjonen sin kontroll med forvaltning av statlege selskap for 2016

Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:

- Brev frå Stryn kommune vedr. sparetiltak i Helse Førde som råkar ambulansetenesta i Stryn kommune, datert 09.03.2018
- Fråsegn frå Selje kommune om Helse Førde sine kutt i ambulansetenesta i Nordfjord, datert 19.03.2018
- Uttale frå Vågsøy kommune om kutt i ambulansetenesta i Nordfjord, datert 19.03.2018
- Brev frå Eid kommunestyre vedr. fråsegn om Helse Førde sine kutt i ambulansetenesta i Nordfjord, datert 20.03.2018
- Brev frå LPP vedr. behandlingstilbod til pasientar med psykoselidingar i Helse Førde, datert 22.03.2018
- RHF styresak 040/18 Fullmakter i utbyggingsprosjekt
- Rapport frå Helsetilsynet – Tilsynsmelding 2017
- Oppsummering og presentasjon frå styreseminar/strategiseminar Helse Førde HF 02.03.2018
- Utkast – internt arbeidsdokument/ skall til revidert utviklingsplan for Helse Førde HF 2035

LUKKA DEL:

Uoff, jf. Off.lova §23.1

**018/2018 Årsmelding med årsrekneskap og notar for
2017 – Helse Førde HF**

Etter orientering og spørsmål hadde styret og revisor aleine ein kort gjennomgang av saka i lukka del.

Votering var i open del.

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar

Aud Ingrid Espeland
(sett)

Reidar Sandal

Ole Gunnar Krakhellen

Tor Vidar Myklebust

Ivar Eriksen
(sett)

Wenche Kristin Røkenes

Hans Jacob Westbye

Arthur Norevik

Mariann Hundsnes
Varamedlem tilsette